



F.v.: Sondre Myklebust, Malin Eik, Solveig Haugland, Veslemøy Haugland, Marte Dagestad og Victoria Eik hadde sine første tonar på messinginstrument tysdag. Det høyrdest svært så lovande ut.(Foto: Thor Inge Døssland)

**Kjøkkenet på Uskedalen skule var fylt med spenning og forventning, lydar og tonar då skulemusikken inviterte til informasjonssamling for aktuelle aspirantar tysdag kveld. Til saman fem som er aktuelle skulekorpaspirantar frå hausten møtte opp. Det er både gledeleg og ikkje minst svært viktig for korpset si framtid. Det skulle og sikra at dette kulturskuletilbodet er tilbake i Uskedalen att frå hausten av..**

Randi G. Zimmer og Torunn Døssland frå skulemusikken hadde med seg tre ulike messinginstrument som dei frammøtte fekk prøva. Slik vi oppfatta det, var det første gong dei alle prøvde seg på denne type instrument. Alle fekk flott lyd, og etter litt småtips vart tonane rett så velklingande! Skal vi døma etter smila og kommentarane gav dette verkeleg meirsmak. – Det var kjempegøy! - kunne ein av dei første prøvespelarane fortelja dei som venta på tur. Fornøgd, og ikkje reint lite stolt.

Ulike favorittinstrument vart og diskutert i gruppa. – Eg har mest lyst på kornett, men barytonen va veldig tøff, synst eg, og so va da veldig fin lyd i alten, - høyrde vi ein av dei seia.

Uansett instrument: tar dei med seg spegleda dei viste denne kvelden vidare, vil dei alle få stor glede av musikken i tida framover same kva instrument det skulle enda opp med! Det er sikkert!!

I tillegg til instrumentprøving var det litt informasjon om aspiranttilbodet. Dessutan var det tid til saft og kjeks før samlinga vart avslutta med ein liten tur inn i aktivitetshuset for å høyra på korpset som hadde vanleg øving.

Interesserte som ikkje var på instrumentprøvinga, kan sjølvst og verta aspirantar. Det er berre å søkja som aspirant i kulturskulen. Det kan gjerast både via post og nettet. Søknadsfristen er 1.april.

Av Thor Inge Døssland



Victoria Eik(t.v.) og Solveig Haugland. (Foto: Thor Inge Døssland)